

Statusnotat – UNESCO Verdsarvsenter Nærøyfjorden

v/ prosjektleiar Gøran Johansen.

Aktørrar i prosjektet:

Aurland kjøle- og fruktlager SA (AKF)

Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP)

Aurland, 12. februar 2021.

Status i arbeidet med verdsarvsenter

- Forprosjektet som starta i november 2019 vart avslutta oktober 2020. Prosjektet er nærare beskrive i vedlagte forprosjektrapport. Gøran Johansen jobbar vidare med å koordinere og halde framdrift mot eit hovudprosjekt.
- Formannskapet i Aurland kommune ble orientert om forprosjektfasen og vidare arbeid i møte den 04.02.21. Til stade for presentasjonen var styreleiar for Aurland kjøle- og fruktlager – Atle kvam, Dagleg leiar for Nærøyfjorden Verdsarvpark – Erling Oppheim og prosjektleiar – Gøran Johansen.
- Vedtak i styre til både AKF og NVP i desember 2019 om å skissere opp ein utbyggingsavtale.
- PwC ble engasjer i februar til å arbeide med skisse til utbyggingsavtale.
- Vertskommunane (Vik, Voss, Lærdal og Aurland) ynskjer ein orienteringssak i kommunestyret med eit konkret vedtak – Gøran jobbar med å planlegge orientering i dei tre andre kommunane.
- Tre masterstudentar frå HVL – Høgskulen i Sogndal jobbar med bygget som case, knytt opp til energiløysingar, klimarekneskap og system.
- NVP ha styremøte kor utbyggingsavtale skal godkjennast.

Vidare framdrift i arbeidet med verdsarvsenter

- NVP jobbar vidare med formidlingsinnhald.
- AKF skal ha årsmøte i slutten av mars, kor skisse til utbyggingsavtale skal godkjennast.
- Møte med Aurland kommune for å sjå på endeleg konsept – opp mot eksisterande reguleringsplan. Signala frå førre møte var mindre endringar av planen.
- Prosess med å avklare feste-avtalar – møte med Aurlandsvengen sokneallmenning og Aurland kommune.
- Avklare/justere rammene (forprosjektet) for hovudprosjektet (PLP).

Forventa kostnad for etablering og drift av verdsarvsenter

- Prosjektet har ein byggekostnad på ca 50 millionar + mva. Eit meir detaljert budsjett vart utarbeidd i løpet av vinteren/våren.
- Driftskostnadene/inntektene er ikkje utarbeidd i detalj. Det vart arbeidd med no dei neste månadene.
- Forventa leigeinntekter ligg på ca 1,5-2 millionar. Forventa lån på ca 20 millionar (ca. 30millionar i egenkapital).

Finansiering

Hovudprosjekt – administrasjon:

- 2 millionar over to år.
- 300.000 frå Vestland fylkeskommune pr. år.
- 200 000 frå RA pr. år.
- 100.000 frå Aurland kommune pr. år.
- 50.000 frå Vik, Voss og Lærdal pr. år.
- 250.000 i eigenkapital pr. år.

Hovudprosjekt – Byggjeprojekt:

- 20 millionar i prosjektmidlar via stiftelsen over statsbudsjettet (KLD, Riksantikvaren, Miljødirektoratet, landbruksdepartementet).
- 5 millionar i tilskot frå Vestland fylkeskommune
- 5 millionar i støtte frå vertskommunane. (2 mill. frå Aurland, 1 mill. frå Vik, Voss og Lærdal)
- 20 millionar i lånefinansiering.

Drift:

- Min. 1,8 mill. i årleg driftsstøtte, ved autorisasjon
- Leigeinntekter 1,5 – 2 mill.
- PwC sin forretningsmodell frå 2018 synar driftskostnader på 3,5-4 mill. dei fyrste 5 åra.
- Modellen legg opp til ei gradvis auke i tal besøkjande frå 20 000 fyrste året, til 70 000 i år 5.
- Forventa inntekter jfr. forretningsmodell går frå 1,6 mill. til 5,6 mill. dei fyrste 5 åra.
- PwC sin modell legg opp til at verdsarvsenteret er ei sjølvstendig eining i sjølve bygget, som skil seg frå noverande modell.

Dykkar forventning til fylkeskommunen sitt bidrag i arbeidet med etablering av Verdsarvsenter

- Vestland fylkeskommune var ikkje økonomisk bidragsytar i forprosjektet (mykje på grunn av prosessen rundt samanslåing av to kommunar) men me har hatt ein god dialog gjennom prosjektfasen.
- Signala frå Fylkestingsutvalet sitt vedtak er veldig positivt og me forventar at fylkeskommunen bidreg inn i etablering av hovudprosjektet.
- Me jobbar med å få på plass ein 100% stilling som prosjektleiar over 2 år, som kan følge prosjektet fram til ein byggjestart i 2023. det trengs 2 millionar til prosjektstillinga, inkludert løn, prosess (medverknad og studietur) og innleigd kompetanse.
- Me ynskjer eit oppstartsmøte med fylkeskommunen så snart finansieringa av hovudprosjektet er på plass.
- Unesco Verdsarvsenter treff på mange av dei prioriterte punkta som Vestland fylkeskommune har forankra i sine planar og prosjektet vil vere eit føregangsprosjekt for fylket sitt arbeid med verdsarven, men og med fokus på korleis ein skal ta vare på og renovere bygnadsmassen framover, samt korleis ein skal leggje føringar for formidling av unike og sårbare verdiar i regionen.
- Dette vil ikkje berre vere eit formidlingspunkt for Aurland kommune og dei andre vertskommunane. Dette vil vere eit nytt type signalbygg, som er bygd opp kring den lokal historia og noverande aktivitet – med fokus på framtidig utvikling. Det er nettopp slike prosjekt – slik utvikling utanfor storbyane – som vil bidrege til at Vestland fylkeskommune skil seg ut frå dei andre.
- At fylket medverkar til å styrke senteret som eit aktivt formidlingspunkt gjennom kompetansebygging innan miljø (utsleppsfri verdsarvfjord), forskning, universiteta, HVL osv.
- Verdsarvsenteret kan bli Vestland fylke sin arnestad for fjord- og landskapsforvaltning- og formidling.